



Kristiane, Pål Ingmar og Selma Ovidia med kvar sin kjukling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I Dønhaug Gardsbarnehage har dei no klekka ut tre kjuklingar, men Anita Hauge seier til uskedalen.no at dei svært gjerne ynskjer å klekka ut fleire.

Difor har ho ei spesiell oppmoding:

- Dei som har egg, gjerne frå andre hønesortar eller til dømes ender, bør gje dei til gardsbarnehagen. Så skal vi freista å klekka dei ut.

Anita har også ei etterlysing å koma med:

Er det nokon som saknar ein lysbrun kanin med hakk i venstre øyret? Kaninen det gjeld dukka opp ein dag i gardsbarnehagen i selskap med dei andre kaninane. Før ebels har ingen eigar meldt seg.

Gardsbarnehagen ynskjer også å takka helselaget for pengegåva som skal nyttast til leiker.



Kven eig meg?(Foto: Ola Matti Mathisen)